

Leigekontrakt

Kontraktspartar:

Utleigar: Sameiet Leiknes Kaianlegg
Adresse: Hopsdalsvegen 125, C/O Nils Halvard Kvamme,
5915 Hjelmås
Organisasjonsnr. 920 718 434
Kontaktperson: Nils Halvard Kvamme

Leigar: Eide Fjordbruk AS
Adresse: Støavegen 98, 5640 Eikelandsosen
Organisasjonsnr. 866 751 242
Kontaktperson: Vidar Hjartnes

Leigeobjekt og areal

Adresse: Leiknes kaianlegg

Arealet er vist på vedlagte kartskisse (vedlegg 1 til denne leigekontrakt) og består av ca 320 m² leigeareal + tilhørende kailinje som vist på kartskisse.

Det er ein avtale mellom partane at resterande kaiareal ikkje skal leigast ut til andre oppdretts selskap.

Leigesum:

- Årleg leige er avtalt til kr 50 000,- med mulighet for regulering kvart 5. år.
- Den årlege leiga forfell til betaling 1. september. Avtalen gjeld for fem år om gongen.

Varighet:

- Avtaletida reknast frå den dato denne avtalen er signert, leiga skal betalast forskotsvis.
- Avtalen gjeld for 5 år der leigar har opsjon på å forlenge leigekontrakten.
- Avtalen kan seiast opp av begge partar med ei oppseiingstid på 12 månader.
- Ved eit eventuelt framtidig sal av kaien skal leigar ha fyrsterett (etter eigarar) til å kjøpa kaien til takst/marknadspris.
- Eventuelle tvistemål vedkomande denne avtale skal avgjerast ved voldgift.

Bruk av leigeobjekt:

Utleigar:

- Eigar av kai skal kunne benytte kai vederlagsfritt etter avtale med Eide Fjordbruk AS.
- Nordre kaivang skal i størst mogeleg grad vere tilgjengeleg for av/påstigning for ålmenta.
- Ombygging/nye faste installasjonar for leigar skal avtalast med utleigar og kostnader skal dekkast av leigar.
- Utleigar kan ikkje gi tilgang til kaien/kaiområdet til andre enn medlemmer av kaianlegget utan etter nærmare avtale med leigar.
- Utleigar må samarbeide/hjelpe leigar for å få på plass godkjenning for bølgedempar utanfor kaiområdet. Signere søknader til kommune/myndigheter, evt andre ting for å få slikt løyve på plass.

Leigar:

- Leigar skal ha mulighet for permanent kai plass for ein arbeidskatamaran og ein mindre båt.
- Permanent kunne plassere 1 stk avfallscontainer og 1 stk garderobebrakke med mulighet for straumtilførsel på leigearealet.
- Oppstillingsplass for bilar på leigearealet.
- Montere bølgedempar utanfor kaiområdet etter avtale med Sameiet Leiknes Kaianlegg.
- Leigar kan ikkje overdra denne avtaleretten til andre.

Vedlikehald:

- Ved start av leigeperioden skal leigar koste nødvendig oppgradering av fenderverk og kaiareal for å få kaien i forskriftsmessig stand. Partane skal vere enige om omfanget før denne avtalen vert signert.
- Leigar er ansvarleg for normalt vedlikehald av fenderverk og kaiareal som er forårsaka av leigar sin aktivitet/bruk.
- Større skadar som oppstår på leigearealet skal rapporterast til utleigar.
- Leigetakar er ansvarleg for forsikring av eigne maskiner, båtar og utstyr på og ved kaien.
- Det skal gjennomførast eit årleg møte med synfaring på kaien der representant frå Sameiet Leiknes Kaianlegg og representant frå Eide Fjordbruk AS deltek.

- Denne avtale erstatter tidligere leigeavtaler mellom Leiknes kaianlegg og Fyllingsnes Fisk AS, datert 16.08.2016

Stad, dato LEIKNES TANGEN, 28.06.2018

Nils H. Kvamme
Sameiet Leiknes kaianlegg
Nils Halvard Kvamme

Vidar Hjartnes
Eide Fjordbruk AS
Vidar Hjartnes

Vedlegg 1:

Område merket gult, ca 320 m² er leigeareal.

